



Statens vegvesen

Audun Kvamme
Audun Kvamme, Seimstranda 501
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
19/240243-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.11.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense – Fv. 401 – Tilbygg til bustad – gnr. 177 bnr. 25 – Nesse – Seim – Lindås kommune

Vi viser til brev av 24.10.2019 frå Lindås kommune med oversending av søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 401 for oppføring av tilbygg på eigedomen gnr. 177, bnr. 25 i Lindås kommune.

Eigedomen er ikkje regulert og er i kommuneplanen for Lindås vist som LNF- spreidd jf. 6.1, ref. kap. 3.4.7. Lindås kommune har i sitt brev av 24.10.2019 vist til at tiltaket det er søkt om er i samsvar med kommuneplanen.

Etter godkjent ny kommuneplan har ikkje Lindås kommune innarbeidd byggegrenser for riks- og fylkesvegar i kommuneplanen, og det er difor Statens vegvesen som skal handsame søknader om dispensasjon frå byggegrense mot veg etter veglova.

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 401 for oppføring av tilbygg til eksisterande bustad i ein avstand på ca. 25 meter til senterlinja på fylkesvegen. Tilbygget ligg lenger frå fylkesvegen enn eksisterande bustad og det skulle derfor ikkje vere noko til hinder for å gje dispensasjon frå byggegrensa slik det er søkt om.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#), gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 401 for å oppføre tilbygg til eksisterande bustad på gnr. 177 bnr. 25 i Lindås kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 21.08.2019.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 401 skal vere minst 25 meter.
3. Tilbygget med soverom må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 401.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Postboks 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
Senioringeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN
LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

